

Leirvik, 4.august 2011

Kjære førsteklasing.

No er det snart tid for at du skal begynna på skulen. Me på skulen gler oss til å bli kjent med deg, og me håper du gler deg også.



Første skuledag er onsdag 17.august.

Du og mamma eller pappa møter i aulaen klokka ti denne dagen. Her kjem lærarane dine og eg for å ta i mot deg og ynskja deg velkomen. Etterpå går du i lag med lærar og klassen til klasserommet ditt. Skuledagen varer til klokka halv to.

Når du har gått til klasserommet, vil rektor ha eit kort møte i aulaen med foreldra. De må bli einige heime om mamma eller pappa treng å vera på skulen etter dette møtet.

Hugs niste og klede til å vera ute i. Pennal kan du ha med deg om du vil, men du får det du treng av skrive- og teiknesaker og bøker på skulen.

Om du skal på SFO etterpå, vil lærarane dine passa på at du kjem på rett plass.

Velkomen til Leirvik skule!

Helsing

Bjarte Bongom
Rektor Leirvik skule

